



Saka om dette busskuret er svært godt likt på facebook-sida Uskedalen.

For nokre år sidan då Morten Nilsen var svært aktiv i bygda vår, oppretta han facebook-sida Uskedalen. Det er Uskedal Utvikling som står bak sida. Denne har vore utan aktivitet nokre år, men no er den oppe og går att. Kristian Olav Bringedal har overteke administratoransvaret, og det vert med jamne mellomrom publisert gode småsaker og bilde frå bygda.

539 har til no likt sida, og dei får dermed ta del i desse sakene. Den mest likte saka til no er gladmeldinga om det nye busskuret nedanfor Halsabrotet byggjefelt som er flytta hit etter eit tidlegare liv i Fusa. Denne saka har fått heile 78 likar.

Kristian Olav fortel at sida skal brukast til å presentere små saker, som gjerne ikkje kjem på uskedalen.no, og fine bilde frå bygda. Den skal vere eit supplement til nettsida, og skal vere med og profilere bygda på ein positiv måte.

- Eg håpar og at andre vil bidra og poste slike saker på sida, avsluttar Kristian Olav Bringedal.

Oppfordringa vert: gå inn på facebook, søk opp sida, lik den og bruk den. Fint om de også inviterer facebook-venner til å like sida.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto frå facebook-sida: Kristian Olav Bringedal.